

<b>Periode:</b>	<b>Januar, februar og mars 2025</b>
<b>Tema:</b>	<b>Eventyr, forteljing og leik</b>
<b>Utgangspunkt i rammeplanen:</b>	<p>Gjennom arbeid med <b>kommunikasjon, språk og tekst</b> skal barnehagen bidra til at barna</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer</li> <li>- opplever spenning og glede ved høgtlesing og forteljing</li> <li>- vidareutviklar omgrepsforståinga og brukar eit variert ordforråd</li> </ul> <p><b>Leiken</b> skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.</p> <p>Gjennom arbeid med <b>kunst, kultur og kreativitet</b> skal barnehagen bidra til at barna brukar fantasi, kreativ tenking og skaparglede. Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid.</p> <p>Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. Personalet skal bidra til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa.</p> <p>Gjennom arbeid med <b>mengd, rom og form</b> skal barnehagen bidra til at barna</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep</li> <li>- leikar og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på</li> </ul>
<b>Hovudmål:</b>	<p><b>Barna skal få bli godt kjent med fleire eventyr/forteljingar som er ein del av den norske kulturarven, samt eventyr som representerer mangfaldet i barnegruppa.</b></p> <p><b>Barna i gruppa skal få felles inntrykk som gjev inspirasjon til rolleleik, fantasi, kreativ utfolding og læring.</b></p>
<b>Delmål:</b>	<p>Skape glede, samhald og stoltheit i møte med kunstnariske uttrykk frå eit mangfald av kulturar.</p> <p>Gje barna felles inntrykk som:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- inspirerer til kreativ leik og skaparglede</li> <li>- dannar grunnlag for at alle barna forstår leiketemaet, og såleis får høve til å bidra aktivt både ved å delta og utvikle leiken</li> </ul> <p>Skape grunnlag for leseglede, utvikle evna til å lytte til og forstå innhald i tekst, samt utvikle forståing for ord og omgrep.</p> <p>Gje barna erfaringar med matematiske omgrep som er ein del av innhaldet i eventyra.</p>

**Aktivitetar:**

Formidle eventyr/forteljingar for alle barna i gruppa. Avdelingane vel eventyr/forteljingar som høver for alder, modning og interesse til barna i gruppa, samt med utgangspunkt i barna sin kulturelle bakgrunn.

God bruk av stemme og kroppsspråk, samt nytte bilete og/eller konkretar til alle eventyr som blir formidla.

Bruke «Dialogisk lesing» og/eller «Grip omgrepa»:

- gjenta same forteljing fleire gonger og fortalt på ulike måtar, motivere barna gradvis meir og meir inn i forteljarrolla
- velje fokusord med utgangspunkt i teksten
- på Skogen, med dei eldste barna på Kulpen og Fjellet og i språkgrupper: lage tanke-/assosiasjonskart knytt til fokusord
- arbeide med fokusord i samtale, leik, drama og praktiske aktivitetar, som gjev barna erfaringar og betre føresetnadar for god ordforståing

Personalet er mediator i leik, og nyttar felles tema for å skape gode føresetnadar for inkludering og utvikling for alle barn i gruppa.

- er nær i leiken, observerer, rettleier barna i sosial samhandling og gjev støtte til at alle får vere deltakande og ha medverknad i leiken
- gjev tilgang til utstyr, konkretar, illustrasjonar m.m. som inspirerer til frileik med utgangspunkt i felles tema
- motiverer til leik med utgangspunkt i eventyr/forteljing ved sjølv å setje i gong, delta i og vere kreativ i leiken
- gjev barna høve til å leike konsentrert og utan unødige avbrot

Leik som sak på alle avdelingsmøter i perioden: Dele erfaringar frå leiksituasjonar gjennom praksisforteljingar, og reflektere saman for å skape individuell og kollektiv utvikling.

Dramatisere eventyr/forteljingar for barna, og etter kvart motivere til få barna deltakande i dramatiseringa. Dramatisere og leike eventyr også ute, både på leikeplassen og på tur.

Ta utgangspunkt i tal og matematiske omgrep som er ein del av eventyra/forteljingane, og arbeide med desse gjennom samtale, teljing, visualisering og praktisk utprøving.

Formingsaktivitetar der barn og vaksne saman lagar utstyr og konkretar som vi kan nytte til å dramatisere/leike eventyr og forteljingar.

Song, musikk og dans med tilknytning til eventyr/forteljingane.

Dei eldste barna (avdeling Skogen) lagar ei digital bildeforteljing eller ein film knytt til eit av eventyra/forteljingane.

Samefolkets dag 6.2: bli kjend med samisk kultur, nytte samisk eventyr, song og musikk som del av markeringa av samefolket dag.

Karneval fredag 14.2.: dramatisering av eventyr som del av programmet på karneval